

• Landbruk



Etterlyser tiltak for å hjelpe

Potensielt lønsame prosjekt i distriktslandbruket blir ikkje realisert, meiner Landkreditt. Årsaka er at panteverdien er så låg at bankar ikkje tør gi lån.

– Viss det er meininga at det skal vere landbruk over heile landet, som Stortinget seier det vil ha, må det setjast inn tiltak som gjer det mogleg, seier styreleiar Knut A. Nordmo i Landkreditt.

Landkreditt SA er den største banken på landbrukslån her i landet og tek opp problemstillinga i ein høyringsuttale til jordbruksmeldinga.

Av om lag 4 milliardar kroner i totale lånesøknader for landbruk

i banken i 2016, fekk rundt 10 prosent avslag som følgje av for lågt verdigrunnlag på eigedomen.

Risikovurdering

– Vanlege bankar, medrekna Landkreditt Bank, må ta omsyn til eit strengt regime for styring av risiko. Tar banken for høg risiko, vil det straffe seg gjennom svekka kapitaldekking og rating i finansmarknaden, noko som medfører høgare innlånskost-

nader og problem med å tilfredsstille offentlege krav til bankenes soliditet. I område med låge panteverdiar er bankane i realiteten avskorne frå å tilby fullverdig finansiering, sidan lånet ikkje blir tilstrekkeleg sikra, står det i høyringsbrevet.

Det er prisen ein eigedom vil få inn ved fritt sal som gir grunnlaget for panteverdien.

For landbrukseigedomar skal konsesjonslova regulere prisen til eit nivå som sikrar at eigedomen kan drivast vidare som landbrukseigedom. Då er det i røynda avkastinga frå eigedomen som blir avgjerande.

– Vi ha sett at det i sentrale strok dei siste åra har vore ein veldig sterk prisvekst på eige-

dom, også landbrukseigedommar. I distrikta er det derimot sjeldan at eigedommar oppnår ein marknadspris som er høgare enn konsesjonsprisen. Bankens vurdering av panteverdi må dermed bli det som er lågast av marknadspris og konsesjonspris, seier Nordmo.

I denne samanhengen er dei

marginale i røynda det meste av landet, bortsett frå dei tunge landbruksområda på Jæren, i Mjøs-regionen, området rundt Oslofjorden og delar av Trøndelag.

– Vi ser at den største aktiviteten skjer i dei sentrale områda, og det blir meir og meir utfordrande for delar av norsk landbruk å

Situasjonen

«Det blir meir og meir utfordrande for delar av norsk landbruk å fornye seg, det uroar oss.

Knut A. Nordmo, styreleiar i Landkreditt





Verdien varierer: Panteverdien på gardsbruk varierer sterkt frå landsdel til landsdel, dermed også moglegheita til å få lån til dei gunstigaste vilkåra. Foto: Mariann Tvetter

e distriktsbønder

fornye seg, det uroar oss, seier Nordmo.

– Skal det vere realisme i målet om å ha landbruk over heile landet, og eit mangfaldig landbruk over heile landet, må det setjast inn tiltak som gjer det mogleg å satse over heile landet. Viss ikkje jobbar dei nådelause dynamikkane mot distriktslandbruket.

Livets rett

– Vi gir avslag på lån til prosjekt vi ser har livets rett. Vi synest det er veldig leitt, men regelverket er sterkt, og vi kan ikkje gå på akkord med det, seier Nordmo.

I høyringsbrevet kjem Landkreditt med to forslag:

Det eine er det blir etablert ei

risikolånsordning for landbruket, med eit mandat til å gi lån på gode vilkår for området mellom 85 prosent og 120 prosent av eige- domens panteverdi etter utbygginga.

Eit anna alternativ er ei garantiordning der staten stiller garanti for dei same låna.

Nordmo seier det er viktig at ei slik ordning ikkje ligg inn under jordbruksforhandlingane, for å ikkje utfordre eksisterande distriktsretta tilskotsordningar.

Rammevilkår

– Vi ser at problemstillinga Landkreditt løftar er svært relevant. Ein del av medlemmane våre, eit stykke utanfor sentra, slit med finansieringa, endå dei

Fakta

Stortingsmeldinga

- «Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon»
- Utgivar: Landbruks- og matdepartementet
- Godkjent i statsråd 9. desember 2016. Bli no behandlar i næringskomiteen. Leveringsfrist 14. mars.

har gode prosjekt basert på godt arealgrunnlag og interesse for landbruk, seier leiar Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag.

– Vi er einig med Stortinget om at det skal produserast mat over

- Investeringsbehovet for landbruket er estimert til mellom 16,5 milliardar og 26,5 milliardar kroner i året. (Agri Analyse)

- Dei faktiske, årlege investeringane har dei siste åra lege på rundt 8,5 milliardar.

heile landet. Tilgangen på kapital er viktig i den samanhengen, det er også langsiktige rammevilkår.

Janne Grete Aspen

janne.aspen@nationen.no

Innovasjons- pengar til landbruket

Over jordbruksavtalen blir det løyvd pengar som kan givast som tilskot til investeringar i landbruket.

I 2015 endra dei tidlegare Bygdeutviklingsmidla namn og litt innhald til Midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket, IBU-middel.

I 2016 var potten på 504 millionar kroner, som Landbruks- og matdepartementet fordeler mellom fylka.

I 2016 kom det inn 1242 søknader til tilskot, for til saman 1055 millionar kroner. 1060 av søknadene vart innvilga.

Hos Innovasjon Noreg seier dei at interesser nok er langt større enn talet på søknader skulle tilseie, fordi det i mange fylke blir gjort ei grovprioritering i forkant, og dei som skjønner at dei ikkje kjem til å bli prioritert, søkjer i regelen heller ikkje.

Rammene har auka med 15-25 millionar dei siste åra.

I forskrift for IBU-middel står det at dei skal brukast til investeringar og bedriftsutvikling i landbruket, for å leggje til rette for langsiktig og lønsam verdiskaping, dessutan bidra til sysselsetjing, busetjing og eit variert landbruk i alle delar av landet. Det skal skje med utgangspunkt i landbrukets ressursar generelt og landbrukseigedomar spesielt.

På lista over moglege prosjekt står investeringar i samband med etablering, oppgradering og modernisering av driftsapparatet eller utvikling av landbruksbaserte næringer.

Det finst reglar for kor stor del av kostnadene tilskotet av IBU-middel kan utgjere, og det finst særskilde reglar for personar under 35 år og kvinner.

Ein del av IBU-potten kan brukast til tapsavsetnad for risikolån. I fjor vart det nytta om lag 5 millionar til tapsavsetnad for risikolån på 25 millionar kroner.

Innovasjon Norge gir også ordinære lån til landbrukskunder, gjennom sin vanlege utlånsaktivitet.

I 2016 gav dei 415 millionar kroner i lågrisikolån til landbruket.



Støtte: Bønder kan få støtte frå Innovasjon Norge til utvikling av landbruksbaserte næringer. Foto: Ketil Blom

Haugstulen